

Rapport etter mottatt studentstipend

Studentens navn	Ingeborg Aasebø
Tittel på oppgave	Effekt av oppstraums kantsone, mesohabitat og lokalt habitat på yngeltettleik og -vekst hos sjøaure (<i>Salmo trutta</i>) i 10 sidebekkar til Verdalselva
Beskrivelse	Kantvegetasjon spelar ei avgjerande rolle for både akvatiske og terrestriske økosystem og samspelet mellom desse. Intakt kantvegetasjon bidreg med viktige økosystemtenester som å stabilisere vassstemperatur, kontrollere flaum og redusere erosjon, filtrere avrenning og tilby næring og skjul for både akvatiske og terrestriske organismar. Tapet av slike soner, særleg som følgje av menneskeleg aktivitet, truar naturmangfaldet og fører til kaskadeeffektar i vassdraga. Sjøauren som er avhengig av gode vilkår i bekkane truast av både habitatendringar og klimaendringar. Det lokale miljøet som aureyngelen lev i og dei drivande evertebratane som dei lev av er i stor grad påverka av oppstraums habitat i bekken og oppstraums kantsonetilhøve. I denne studien vert derfor den kombinerte effekten av lokale og oppstraums habitat- og kantsonetilhøve på både yngeltettleik og -storleik studert. Denne studien undersøker korleis kantsonetilstand og andre habitatforhold påverkar tettleik samt lengde av aureyngel (0+). Både oppstraums og lokale kvalitetselement for habitat er inkludert. I tillegg er effekt av tettleik av einpluss ein del av analysane. Studien kombinerer yngeltettleiksdata frå elektrofiske, kartlegging av habitat samt mesohabitatstrukturar og registrering av kantvegetasjon. Resultata syner at både lokale og oppstraums habitatelement påverkar tettleik og lengde av 0+. Tettleiken var høgst i grunne, smale bekkar med stor substratstorleik, lite kulpar og med god tilgang på skjul og vegetasjon. For 0+-lengde var det interaksjonen mellom kantvegetasjon og del rennande vatn 100 meter oppstraums som utgjorde dei viktigaste effektane av oppstraumshabitat. Aukande mengde kantvegetasjon og stor del rennande vatn hadde positiv innverknad på lengde av 0+, men ved total mangel på kulpar vart effekten av intakt kantsone redusert. Desse funna gir verdifull innsikt i korleis ulike habitatfaktorar verkar saman og påverkar tidlege livsstadier hos aure. Resultata understrekar behovet for heilskapleg forvaltning av kantsoner, der

	både lokale og oppstraums forhold blir tekne omsyn til. Bevaring og restaurering av kantvegetasjon, i tillegg til andre tiltak kan vere avgjerande for å oppretthalde livskraftige aurebestandar i eit klima og landskap i endring. Stipendet frå Vannforeningen vart nytta til å dekke delar av reisekostnadane knytt til å komme seg frå campus på Ås til feltarbeidet i Verdal.
Bilder	 Biletet syner utløp frå ein av sidebekkane til Verdalselva. Her i forbindelse med el-fiske og merking av fisk (Merking er ikkje nytta i mi oppgåve).



Alt vatn i bekkane vart registrert som kulp, brekk, eller stryk som bildet viser dømer på.



Habitatforhold vart registrert manuelt, og bildet syner opplæring i registrering av botnsubstrat.